

## Stygg brakke er fjerna

25.03.2011



**I ettermiddag var Haugland Maskin på plass ved grusbana for å transportera bort brakka som i sin tid vart nytta som materialrom for bana. Dei siste åra har brakka vore i svært dårleg stand.**

Mangel på vedlikehald har ført til at naboar og forbipasserande har klaga til idrettslaget og føreslege at denne bua bør fjernast.

Arbeidet vart utført på dugnad av Haugland Maskin. No skal ein fylla massar i der brakka stod slik at det blir jevnt i terrenget. Leiar i idrettslaget Bjarne Lilleaas er svært glad for jobben som vart gjort i dag.

Over er Tor Ove Haugland trygg maskinførar medan Arne Johannes Haugland er på taket, Bjarne Lilleaas og Svein Ove Bråtun hjelper til.

Under er brakka undervegs etter å vere løfta frå fundamentet.

Tekst og foto: Kjell Yri

